



Tilsyn skal bidra til dialog og spreiing av kunnskap

Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Sosial- og familieavdelinga, har teke til med årlege tilsynskonferansar. Leiarar og fagleg ansvarlege i bydelane og kommunane blir inviterte til ein temadag om tilsyn. Konferansen er lagd til slutten av januar, slik at tilsynet kan presentere erfaringane frå dei tilsyna som var utførte året i som gjekk.

«Mykje svikt skjer på grunn av manglar i den faglege styringa.»

Foredrag om tilsyn er med på å auke den grunnleggjande kunnskapen om kvifor det er nødvendig og viktig å halde tilsyn. Konferansen som blei halden 1. februar i år, fokuserte særleg på tilsyn og forståing av demokratiet.

Når vi fører tilsyn, ser vi at tenestene har ulike organisasjonsmodellar. Det er viktig å få kunnskap om kvar i tenestene det er særleg sårbart, og kvar svikt kan skje. Dette temaet var sentralt på konferansen i 2009.

Ut frå ei vurdering av sårbarheit og risiko får enkelte bydelar og kommunar fleire tilsyn enn andre. Den kunnskapen ein kan hente ut av tilsyn, bør likevel også overførast til andre delar av tenestene innanfor same kommunen og bydelen. Mykje svikt skjer på grunn av manglar i den faglege styringa. Vi tenkjer at fokus på fagleg styring fører til at brukarar og pårørande blir meir nøgde.

Når det er såpass tungt å få på plass kvalitetssystem som fungerer, er det viktig å diskutere og informere om dei funna og avvika vi finn under revisjonane, og om kvifor dei oppstår.

Frå og med 2010 blir ny lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga sett i verk (sjå s. 37). Lova pålegg kommunane internkontroll også på dette området. Fylkesmannen skal føre tilsyn. Vonleg er den kunnskapen vi no spreier via konferansar og møte, med på å skape ein overføringseffekt mellom dei ulike delane av verksemnda til kommunane. Gjennom gode system for internkontroll kan verksemndene på den måten sikre seg system som fungerer uavhengig av eldsjeler og rein flaks.